




# Temahefte Økonomisk sauhald



**Nortura**  
bondens selskap


*Økonomi er læra om forvaltning av knappe ressursar. Det treng såleis ikkje berre vera i samband med pengar vi kan bruke omgrepet økonomi. Det å økonomisere med noko er difor å oppnå eit bestemt mål med minst mogeleg innsats. For dei som lever i pakt med naturen, er det dette det meste handlar om. I dette temaheftet skal vi ta for oss dei faktorane som påverkar lønsemda i sauehaldet mest. Det vi gjerne kallar nøkkelfaktorar.*

Dersom sauebonden ynskjer å vurdere om ein tener lite eller mykje på sauehaldet sitt, er det viktig å finne eit godt målereiskap for dette. For mange brukar skatterekneskapen eller bankkontoen som referanse når dei skal vurdere økonomien i sauehaldet. Ingen av desse er gode nok for å vurdere dette. Minst tenleg er sjølvstøtt bankkonto. Denne blir også som regel brukt til å dekke private gjeremål, som ikkje har noko med sauehaldet å gjera. I eit skatterekneskap kan avskrivningane vera justert i forhold til skattenivå. Vil ein ha god oversikt over økonomien i sauehaldet sitt, må ein lage eit justert skatterekneskap der avskrivningane er tilpassa reell verdinedgang på hus og reiskap. Har ein fleire produksjonar på garden, bør ein lage driftsgrein-analyser for kvar enkelt produksjon. Med dei dataverktøy ein rår over i rekneskapsføringa i dag, er dette ei relativt enkel sak. Men det krev at du som brukar plasserer utgifter og inntekter på rett produksjon. Dersom du melder deg på Landbrukets Dataflyt: <https://www.landbruketsdataflyt.no> og registrerer garden i "Samtykkeregisteret", så vil elektroniske bilag frå varemottakar og leverandørar gå inn i landbruksregnskapet, ferdig kontert og koda. Da vil det vera enklare å lage rapportar og analyser for kvar enkelt driftsgrein på garden.

Grovt kan ein gruppere inntekter og utgifter i sauehaldet slik:  
Inntekter:

- Produksjonsinntekter; inntekter direkte frå dei produkta ein sel
- + produksjonstilskot; betaling frå staten for fellesgode sauen og sauebonden produserer
- Variable kostnader; kostnader som varierer med omfanget av produksjonen, t.d. dyretal, areal m.m.
- = **Dekningsbidrag**
- Faste kostnader; kostnader til hus, maskiner og liknande, som ikkje varierer med produksjonen
- = **Driftsresultat**
- Finansinntekter og kostnader; renter på lån og innskot osv
- = **Nettoinntekt**

Vi skal analysere og diskutere korleis ein kan påverke dei ulike inntekts- og utgiftspostane.



|                               | Eignetal |       | Gjennomsnittstal |                |                |
|-------------------------------|----------|-------|------------------|----------------|----------------|
|                               | 2016     | 2015  | 30 % beste       | 2016 V.F 31-80 | 2015 V.S. > 81 |
| Salgsinntekt/erstatn. dyr     | 3 450    | 2 712 | 2 614            | 1 876          | 1 851          |
| Statusendring                 | -322     | -40   | 42               | -19            | 67             |
| Inntekter                     | 3 128    | 2 672 | 2 656            | 1 857          | 1 919          |
| Innkjøpt for                  | 416      | 621   | 542              | 496            | 538            |
| Eigenprodusert for            | 240      | 242   | 282              | 322            | 231            |
| Dyrleige mm.                  | 299      | 146   | 285              | 278            | 260            |
| Kjøp av dyr                   | -        | -     | 46               | 56             | 44             |
| Kostnader                     | 955      | 1 009 | 1 155            | 1 151          | 1 073          |
| Dekn.bidrag u/tilskot         | 2 173    | 1 663 | 1 501            | 706            | 846            |
| Tilskot                       | 2 242    | 1 583 | 1 441            | 1 572          | 1 593          |
| Dekn.bidrag m/tilskot         | 4 415    | 3 247 | 2 942            | 2 279          | 2 439          |
| Nøkkeltal produksjon:         |          |       |                  |                |                |
| Vinterfora sauer              | 76       | 105   | 93               | 56             | 132            |
| Oppnådd kjøttpris             | 66,91    | 66,64 | 59               | 63,86          | 59,89          |
| Kg kjøtt levert pr v/s (sau-) | 46,08    | 38,82 | 30               | 26,9           | 26,8           |

Tal bruk: 161 109

Figur 1: Eksempel på rapport som Tveit Rekneskap i Rogaland tilbyr sine kundar. I salsinntektene ligg også tilskota som blir utbetalt gjennom slakteria. På grunn av endring i utbetalingsmåte for lammeslaktetilskotet, er det dekningsbidrag med tilskot som gjev best bilete av utviklinga

## Viktige faktorar som verkar inn på sjølve driftsøkonomien i sauehaldet

**Produksjonsinntektene** blir nesten fullt ut bestemt av slakte- og ullinntektene, da det er forbode å kjøpe hodyr av sau inn i eksisterande sauebesetningar på grunn av fare for å spreie smittsame sjukdomar. Det er difor få sauebruk der sal av livdyr tel mykje for inntektene. Ull utgjør kanskje ca 5 % av dei samla inntektene når vi tek med inntekter frå både marknaden og staten. I dette temaheftet har vi vald å ta med grunntilskot og ulltilskotet som ein del av prisen på slakt og ull fordi dette er tilskot som er lik for heile landet. Prisane på slakt og ull er frå 2017.

**Produksjonstilskot** til sauehaldet, eller betaling for fellesgode som sauebonden produserer, er relativt store. Kor stor del desse utgjør av dei totale inntektene på bruket, varierer med både tal vinterföra sau, areal, kvar i landet bruket ligg og avdråttsnivå. Men grovt sett ligg dei innanfor ein variasjon på 65-70 % av inntektene. Då er ikkje tilskot til avlørsarordningane teke med.

**Dei variable kostnadene** blir dominert av førkostnadene. Lengda på inneføringstida varierer mykje etter kor ein er i landet, men dei fleste ligg innanfor 180 til 230 dagar. Under normale forhold utgjør førkostnadene ca. 80 % av dei variable kostnadene.

Vi skal heretter konsentrere oss om det vi kallar nøkkelfaktorar i sjølve produksjonen. Analysane er gjort med Nortura sin Økonomiplan og forplanleggingsverktøyet "Nortura Saueføring".

### Produksjonsinntektene

Slakteinntektene, altså det Nortura betaler i form av pris per kg slakt og tilleggssytingar + grunn- og ulltilskot, utgjør ca. 35 % av totalinntektene i sauehaldet. Lammeavdråttan per vinterföra sau, blir påverka fyrst og fremst av lammetalet, men og haustvekta/slaktevekta på lamma.



Ca 35 % av totalinntektene kjem frå sal av slakt. Foto: Turi Kvame Lorentzen



Lammetalet om hausten per søye er den faktoren som påverkar produksjonsinntektene mest. Foto: Finn Avdem

**Tabell 1. Avdrått ved ulike lammetal og haustvekter, kg**

| Haustvekt, kg | Lam om hausten per sau |      |       |
|---------------|------------------------|------|-------|
|               | 1,5                    | 1,8  | 2,0   |
| 42            | 63,0                   | 75,6 | 84,0  |
| 45            | 67,5                   | 81,0 | 90,0  |
| 48            | 72,0                   | 86,4 | 96,0  |
| 51            | 76,5                   | 91,8 | 102,0 |

Av tabellen går det fram at avdråttan aukar med 13,5 kg dersom haustvekta aukar frå 42 til 51 kg ved eit lammetal på 1,5. Ved å auke tal lam om hausten frå 1,5 til 1,8, men framleis ha haustvekt på 42 kg, vil avdråttsauken bli 12,6 kg, altså nesten like mykje. Å meistre eit relativt høgt lammetal er difor viktig for avdråttan og økonomien.

**Tabell 2. Produksjonsinntekter frå slakt og ull ved 100 vinterföra sau og haustvekt på 45 kg med ulikt lammetal**

| Lam om hausten per sau | 1,5            | 1,8            | 2              |
|------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Slakteinntekt*)        | 124 059        | 151 768        | 170 241        |
| Ullinntekt             | 21 042         | 22 244         | 23 046         |
| <b>Sum</b>             | <b>145 101</b> | <b>174 013</b> | <b>193 287</b> |

\*) Ved omrekning frå haustvekt til slaktevekt, er det brukt ein slakte% på 42

Dersom ein klarar å auke lammetalet med 0,3 lam pr. vinterföra sau., frå 1,5 til 1,8, vil produksjonsinntektene auke med nesten kr. 29.000. Dette utgjør ca. kr. 9.660 pr. tidel lammetalet aukar. Sjølv om produksjonsinntektene endrar seg i absolutte tal, vil utslaget for lammetal bli om lag dei same om ein ligg i anna sone for distriktstilskot.

**Tabell 3. Produksjonsinntekter frå slakt og ull ved 100 vinterföra sau og lammetal på 1,8 ulik haustvekt**

| Haustvekt     | 42             | 45             | 48             |
|---------------|----------------|----------------|----------------|
| Slakteinntekt | 142 510        | 151 768        | 161 027        |
| Ullinntekt    | 22 244         | 22 244         | 22 244         |
| <b>Sum</b>    | <b>164 754</b> | <b>174 013</b> | <b>183 271</b> |

Ein ser her at utslaget på slakt- og ullinntektene ved å endre haustvekta 1 kg, er på vel kr. 3.000. Det er vesentleg mindre enn ein oppnår ved ei endring i lammetalet på ein tidel.

Dersom ein går ut frå ein buskap på 100 vinterföra sau med ein avdrått per. vinterföra sau på ca. 80 kg og 25 % påsett, vil ein produsere ca. 2.900 kg lammeslakt og 800 kg saueslakt. Lammeslaktet

utgjør her ca. 79 % av slakteproduksjonen. Fordi prisen på lammeslakt er mykje høgare enn på saueslakt, utgjør lammeslaktet heile 95 % av slakteinntektene. Ei endring i prisen på saueslakt på 1 krone vil utgjøre kr. 900, eller 0,6 % av slakteinntektene, medan ei endring i prisen på lammeslakt med 1 krone vil slå ut med kr. 2.900, eller 2 % av slakteinntektene.

### Prisfastsettinga på slakt av sau og lam

Det er Nortura som har ansvaret for å setje den gjennomsnittlege engrosprisen på sau og lam. Engrosprisen er prisen som ei skjerebedrift må betale ved kjøp av heile sau- og lammeslakt. Det er konsernstyret i Nortura som set denne prisen etter råd frå Nortura Totalmarked. Det blir sett ny engrospris for kvart halvår, og marknadssituasjonen bestemmer om prisen går opp eller ned. Er det underskot og sauenæringa treng stimulering, så blir engrosprisen sett opp. Er det overproduksjon, vil engrosprisen bli sett ned for å stimulere salet. For å kunne ta ut engrosprisen, må salsfolket i Nortura vera i stand til forhandle fram prisar som forsvarar engrosprisenivået som er bestemt av konsernstyret. Da er det viktig å ha så mange sauebønder i ryggen som mogleg, slik at dei store kjedene og andre kundar er avhengige av Nortura for å få nok slakt og kjøttvarer til bedriftene og butikkane sine.

Marknadsinntektene, minus kostnadene Nortura har med å hente slaktedyra hjå bonden og levere ferdige produkt i butikk, minus diverse avgifter, blir til slutt Nortura sin avrekningspris på sau/lam. Det er Nortura sin pris alle slakteri i Noreg konkurrerer mot. Eit sterkt og lønsamt Nortura, med stor marknadsmakt og effektiv industri, er difor avgjerande for å auka inntektene til alle bønder i Noreg som produserer slakt og egg.

### Ullinntektene

I middel utgjør inntektene av ulla ca 5-6 % av dei samla inntektene

frå ull, slakt og andre tilskot. Enkelte kan likevel ha vesentleg dårlegare resultat, då prisskilnaden mellom dei beste og dei dårlegaste klassene er svært stor. Farga ull, ull med mykje skog- eller fôrrusk, og dårleg sortert ull, vil kunne gje vesentleg mindre inntekter enn det vi har sett opp her. Ullprisen er sterkt støtta over Jordbruksavtala. I middel er tilskotet til ull kr 40 på dei klassene som får tilskot.

Ullkvaliteten er sterkt påverka av næringstilgangen til sauene. Svak fôring resulterer i både lite ull og ull av dårlegare kvalitet. Spesielt er ulla avhengig av at sauene får nok protein i fôret.

### Variable kostnader

Dette er kostnader ved produksjonen som endrar seg dersom omfanget av produksjonen endrar seg, t.d. om ein aukar dyretalet. Kostnadene til fôr dominerer fullstendig mellom dei variable kostnadene. Ca 80 % av desse er kostnader til fôr, anten grovfôr, kraftfôr eller beite. Dei resterande 20 % er såkalla andre variable kostnader, som strø, medisin, dyrlege, transport m.m.

I sauehaldet skjer mesteparten av produksjonen på beite. Det aller meste av fôret i innefôringsperioden er difor vedlikehaldsfôr, d.v.s. fôr som trengst for å halde dyra i live, og til ullproduksjon. I tabell 4 har vi rekna fôrforbruket til ei søye som får tvillingar. Ho blir sett på innefôring 1. oktober og sleppt på vårbeite 15. mai. Ho lammar 29. april og får eit medels godt grovfôr med 0,85 FEm/kg tørrstoff i heile innefôringsperioden. I fôrplanen er det lagt opp til at ho skal bygge opp hold i lavdrektighetsperioden og tære på holdet etter lamming.

Vi ser at 72 % av fôrkravet til søya i innefôringsstida er vedlikehaldsfôr. Grovfôret her er så godt at det dekkjer heile fôrtrongen til vedlikehald og litt til. Grovfôret er som regel rimelegare enn kraftfôr. I eksempelet er prisforskjellen kr 1,83 per FEm. Difor utgjør kostnaden til vedlikehaldsfôret berre vel 63 % av fôrkostnaden.



Ein høg marknadsandel for Nortura er avgjerande for å halde oppe avrekningsprisen på sau og lam. Foto: Erling Skurdal




Ull utgjør ca 5-6 % av dei samla inntektene på eit sauebruk. Foto: Erling Skurdal

Tabell 4. Forbehov i innføringstida til ei vaksen søye med tvillingar.

| Vedlikehold + ull       | Fem/dag | dg  | Sum FEm   | % av førkrav | Pris/FEm | Kost./år   | % av kostnad |
|-------------------------|---------|-----|-----------|--------------|----------|------------|--------------|
| Grovfôr vedlikehald     | 0,95    | 226 | 215       | 72 %         | 2,35     | 505        | 63 %         |
| Produksjon              |         |     |           |              |          |            |              |
| Grovfôr holdoppbygging  | 0,2     | 154 | 31        |              | 2,35     | 73         |              |
| Kraftfôr holdoppbygging | 0,1     | 154 | 15        |              | 4,18     | 63         |              |
| Grovfôr lamming ekstra  | 0,3     | 16  | 5         |              | 2,35     | 12         |              |
| Kraftfôr før lamming    | 0,3     | 56  | 17        |              | 4,18     | 71         |              |
| Kraftfôr etter lamming  | 1,2     | 16  | 19        |              | 4,18     | 79         |              |
| <b>Sum produksjon</b>   |         |     | <b>87</b> | <b>28 %</b>  |          | <b>298</b> | <b>37 %</b>  |

Forbruket av vedlikehaldsfôret er uavhengig av om det er høg eller låg avdrått i buskapen. Tal føreiningar per kg produsert slakt går difor ned når avdråtten aukar. Sjå figur 2:



Figur 2: Eksempel på fôrforbruk pr kg slakt ved ulik avdrått.

### Fôrforbruk per kg produsert lammeslakt ved ulikt lammetal

Fordi mest alt grovfôret inkludert vår- og haustbeite til søyene er vedlikehaldsfôr, går forbruket av grovfôr per kg lammeslakt sterkt ned når avdråtten aukar. I dette eksempelet varierer det mellom 19 og 7 FEm per kg lammeslakt. Det same gjeld delvis på fjellbeite, men fjellbeitet er i større grad også produksjonsfôr. Difor blir forskjellen ikkje så stor. Her har vi rekna at lammetilveksten på utmarksbeite er knapt 80 % av tilveksten på vårbeite. Forbruket av kraftfôr per kg slakt endrar seg lite om avdråtten aukar, og held seg i dette eksempelet på ca 1,5 FEm. I dette dømet er kraftfôret berre produksjonsfôr, der tildelinga blir tilpassa tal foster/lam søya går med og tilveksten til lamma. Difor blir forbruket likt per kg slakt. Vi føreset



Det meste av fôrkravet til søya i innefôringsperioden er vedlikehaldsfôr.

her at 80 % av fôrbehovet til slutfôring av lamma blir dekt av godt haustbeite og at medel slutfôringsstid er 16 dagar. Dersom vi reknar at grovfôret som sauene haustar i fjellet er gratis, og brukar fôrprisane i tabell 4 og fôrforbruket og slaktevektene i figur 2, vil fôrkostnaden bli kr. 50 kr per kg lammeslakt for søya med 1 lam og 24 kr per kg lammeslakt for søya med tre lam.

### Produksjonstilskot

Ved jordbruksforhandlingane blir det avtala ymse tilskot både til planteproduksjon og husdyrproduksjon. For sauehaldet sitt vedkomande har vi desse produksjonstilskota:

- Tilskot til husdyr
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Tilskot til dyr på innmarks- og utmarksbeite
- Tilskot til økologisk landbruk
- Grunntilskot
- Distriktstilskot
- Tilskot for lammeslakt
- Tilskot til norsk ull

I tillegg kjem tilskot til avlørsarordningane. Avlørsartilskotet er likevel ikkje teke med her fordi utbetaling av dette tilskotet krev tilsvarande utbetaling til avlørsar. Dermed endrar ikkje dette produksjonsøkonomien i sauehaldet.

Inntektsutjamning mellom ulike produksjonar, distrikt og bruksstorleikar er viktige føremål med produksjonstilskota. Dei skal også stimulere til billegare mat for forbrukaren og fellesgode som fine kulturlandskap. Formålet og reglane for dei ulike tilskotsordningane kan ein finne på Landbruksdirektoratet sine heimesider: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/tilskudd>

Mange av tilskota premierer den dyktige sauebonden som har høg produksjon per søye:

- Alle tilskot som blir gjeve per kg ull eller slakt, premierer den med høg produksjon per søye
- Beitetilskota blir utbetalt per dyr på beite. Mange lam per søye på beite gjev altså meir beitetilskot
- Tilskotet til lammeslakt blir berre gjeve til slakt som er i klasse O+ eller betre.
- Eit lam må minimum ha 13 kg slaktevekt for å få utbetalt grunntilskot

### Dekningsbidrag

Det vi kallar dekningsbidrag er det vi har att av produksjonsinntektene når vi har dekt dei variable kostnadene i produksjonen. Deretter legg vi til alle tilskot (unntatt avlørsartilskotet). Dekningsbidraget skal dekke dei faste kostnadene, og løn for arbeidet som er lagt ned for å kunne drive produksjonen.

Tabell 5. Døme på dekningsbidrag ved ulike lammetal og haustvekter, 100 vinterfôra sau

| Haustvekt | Tal lam per vinterfôra sau |            |            |
|-----------|----------------------------|------------|------------|
|           | 1,5                        | 1,8        | 2          |
| 42        | kr 248 609                 | kr 300 165 | kr 334 536 |
| 45        | kr 256 855                 | kr 310 390 | kr 346 080 |
| 48        | kr 265 101                 | kr 320 615 | kr 360 125 |
| 51        | kr 273 347                 | kr 330 840 | kr 371 780 |

Gjeld sone 2 for distriktstilskot og sone 5 for arealtilskot

100 vinterfôra sau tilsvarar ca 0,8 årsverk med sau. Når dekningsbidraget skal dekke både kostnadene til hus, maskiner og arbeidskraft, finn ein fort ut at sauehald er ein relativt ekstensiv produksjon.



Fjellbeite er eit viktig og rimeleg produksjonsfôr i norsk sauehald. Foto: Knut Sygnestveit



Sauen produserer flotte kulturlandskap. Foto Anders Braanaas

## Faste kostnader

Dersom det skal vera økonomisk interessant å drive ein ekstensiv produksjon, er det avgjerande at ein ikkje har for høge faste kostnader. Det er også svært viktig at ein har driftsbygningar og driftsopplegg elles, som ikkje er unødige arbeidskrevjande. Det er difor viktig å lage ein god, gjennomtenkt driftsplan ved store investeringar. Ved å bruke den aktivt som eit styringsverktøy, har ein kontroll med økonomien også etter driftsutbygginga.

### Eksempel:

Ein sauebonde skal byggje sauefjøs til 240 søyer med drenerande golv og møkkakjeller. Han har fått laga seg to kostnadsoverslag, eit enkelt sauefjøs til kr 10 500 per sau og eit dyrare sauefjøs til kr 15 000 per sau. Han reknar avskrivningstid på 25 år og lånerente på 5%. Han får tilskot tilsvarande 35% av godkjent kostnadsoverslag som er det maksimale Innovasjon Norge kan gje. Han reknar ut kva kapitalutlegg han får kvart år til avskrivningar og renter på dei to alternativa. Vi reknar her lineær avskrivning over 25 år. (Sjå tabell 6.)

Dersom bonden skal få like god økonomi i desse to alternativa, må produksjonen bli betre i det dyraste fjøset slik at dekningsbidraget blir nesten kr 200 høgare per sau, eller det blir frigjort arbeidstid som kan brukast på alternativt inntektsgjevande arbeid på over kr

45 000 per år. Det kan også vera lurt for økonomien å tenkje utbygging i fleire fasar, med rimeleg mekanisering i fyrste omgang, men at fjøset er planlagt slik at det er enkelt og å mekanisere seinare.

## Konklusjon

Produksjonsinntektene blir i hovudsak avgjorde av kor mykje slakt som blir produsert på bruket. Lammetalet er den einskildfaktoren som påverkar produksjonsinntektene mest. Sidan førkostnaden utgjer så stor del av dei variable kostnadene, kan ein difor si at: Innan visse grenser, produserer ein slaktet rimelegast i sauehaldet når avdråtten er høg. Lammetalet er også den einskildfaktoren som påverkar dekningsbidraget sterkast. Det kjem av at dette også aukar tilskota mest. Både grunntilskot og distriktstilskot blir utbetalt per kg slakt, og beitetilskotet blir utbetalt per dyr på beite. Av tabell 5 ser ein at for eit bruk med 100 vinterföra sau vil ei endring i haustvekt på 1 kg slå ut med 2.800-4.000 kroner i auka dekningsbidrag, avhengig av tal lam om hausten. Ein tidels auke i lammetalet utgjer ca.kr 17.000-20.000 for same bruket, avhengig av haustvekta. Sauehald er ein ekstensiv produksjon som ikkje tålar så høge faste kostnader som mange andre produksjonar. Ein effektiv produksjon både når det gjeld produktmengd, faste kostnader og arbeidskrav, er viktige føresetnader for å kunne oppnå eit akseptabelt økonomisk utbytte i norsk sauehald.

Tabell 6 Utslag på årleg kapitalutlegg ved ulike byggekostnad

| Tal søyer             | Byggekostnad kr per sau | Avskrivningstid år | Lånerente % | Tilskot frå Innovasjon Norge<br>% av kost.overslag | Kapitalutlegg kr per år til<br>renter og avskrivningar |
|-----------------------|-------------------------|--------------------|-------------|----------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|
| 240                   | 15 000                  | 25                 | 5           | 35*)                                               | kr 152 100                                             |
| 240                   | 10 500                  | 25                 | 5           | 35                                                 | kr 106 470                                             |
| Forskjell for bruket: |                         |                    |             |                                                    | kr 45 630                                              |
| Forskjell per sau:    |                         |                    |             |                                                    | kr 190                                                 |

\*) Andel tilskot varierer frå fylke til fylke, men maksimalsats er 35%



Foto omslag: Finn Avdem

Temaarket er skrive av:  
Per Liahagen i 2003 og oppdatert og revidert i 2017 av  
Finn Avdem og Stig Runar Størdal, Team småfe, Nortura



tlf: 03070

[medlem.nortura.no/storfe](https://medlem.nortura.no/storfe)

